

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 27/2005

av 11. mars 2005

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 1/2005 av 8. februar 2005⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2004/328/EF av 5. april 2004 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2004/373/EF av 13. april 2004 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽³⁾, skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2004/453/EF av 29. april 2004 om gjennomføring av rådsdirektiv 91/67/EØF om tiltak mot visse sykdommer hos akvakulturdyr⁽⁴⁾, retta ved TEU L 202 av 7.6.2004, s. 4, skal takast inn i avtala.
- 5) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

⁽¹⁾ TEU L 161 av 23.6.2005, s. 1, og EØS-tillegget til TEU nr. 32 av 23.6.2005, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 104 av 8.4.2004, s. 129.

⁽³⁾ TEU L 118 av 23.4.2004, s. 49.

⁽⁴⁾ TEU L 156 av 30.4.2004, s. 5.

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2003/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32004 D 0373**: Kommisjonsvedtak 2004/373/EF av 13. april 2004 (EUT L 118 av 23.4.2004, s. 49).”
2. I del 4.2 etter nr. 78 (kommisjonsvedtak 2004/315/EF) skal nytt nr. 79 lyde:
”79. **32004 D 0453**: Kommisjonsvedtak 2004/453/EF av 29. april 2004 om gjennomføringen av rådsdirektiv 91/67/EØF om tiltak mot visse sykdommer hos akvakulturdyr (EUT L 156 av 30.4.2004, s. 5), rettet ved EUT L 202 av 7.6.2004, s. 4.

Denne rettsakten for også anvendelse for Island.”
3. Teksten i del 4.2 nr. 13 (kommisjonsvedtak 93/44/EØF) oppheves.
4. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*”, nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF), skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32004 D 0328**: Kommisjonsvedtak 2004/328/EF av 5. april 2004 (EUT L 104 av 8.4.2004, s. 129).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2004/328/EF, 2004/373/EF og 2004/453/EF, retta ved TEU L 202 av 7.6.2004, s. 4, på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. mars 2005, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 11. mars 2005.

*For EØS-komiteen
Formann*

R. Wright

Sekretærer for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn M. Brinkmann